Råtassmusikk frå Vamp



Vamp med Kringkastingsorkesteret: «I full symfoni»
(NRK/Major/Musikkoperatørene)

Av Kari Mathilde Hestad, 31.10.2006 09:24

Vamp tar i bruk heile sitt musikalske repertoar når dei måler krefter med Kringkastingsorkesteret.

Det nye live-albumet frå Vamp er eit opptak frå konserten som bandet heldt på Rockefeller saman med Kringkastingsorkesteret i fjor vår. Og låtane til bandet gjer seg godt i stort format.

Musikken til Vamp femner vidt: frå varsame, lågmælte og ned-tona viser som «Tir n'a noir», «Savonarola» og «Våken drøm», til meir storslegne, høgstemde og drivande rytmiske låtar som «Månemann», «Sitte å tenke» og «Ingeborg» - som er som skapte for det ruvande lydbiletet eit symfoniorkester med sine messingblåsarar og talrike strykarar maktar å framkalle. Det må ha vore ei takksam oppgåve å arrangere eit slikt mangslunge materiale for orkester.

Styggfine stemmer og gode tekstar
Vokalist Vidar Johnsen og tidlegare vokalist Jan Ingvar Toft har stemmer som er barske og rå nok til å kle heile det symfoniske lydbiletet. Den styggfine og smått rustne stemma til sistnemnde gjer seg forunderleg godt på dei meir stillfarne visene, som «13 humler» og «Savonarola», og dannar ein spennande kontrast til dei nesten altfor vakre melodilinjene. Den «uslepne» stemma gir låtane kvassare kantar.

Ei av årsakene til at Vamp er så anerkjende, er dei gode og meiningsfylte tekstane som følgjer musikken deira. Tekstar av den store lyrikaren Kolbein Falkeid, men også Arnt Birkedal, Bjørn Kallevig og Ingvar Hovland er meint å skulle lyttast til. Sorgmuntre linjer om barndommens sommar og minner om tapt kjærleik, vidar seg ut og rommar eksistensielle sanningar.

Storslageren «Tir n'a noir» avsluttar konserten, og Rita Eriksen er sjølvsagt med som gjesterartist. Som det høver seg for eit live-album, er reaksjonane til publikum ein viktig ingrediens: her høyrer ein både jubel og trampeklapp, særleg etter dette siste nummeret. Slikt skapar god konsertstemning heime i stova.

Norsk musikk på listetoppen
Det går svært godt for norsk musikk for tida. Førre veke låg det nordmenn på heile sju av dei ti øvste plassane på VG-lista Topp 40, inkludert Vamp på tiande plass. Plata deira sel altså allereie svært bra, men det skulle også berre mangle, når dei serverer så feiande flott musikk som dette!